



# Regelverk for gateleige ved mellombelse bygge- og anleggsarbeid i kommunal veg i Ålesund kommune



## Innhold

INNLEIING.....	3
1. BAKGRUNN OG VIRKEOMRÅDE.....	3
2. FORMÅL.....	3
3. LØYVE TIL BRUK AV GATEGRUNN.....	4
4. ARBEID SOM UTLØSER KRAV OM GATEGRUNNSLEIGE .....	4
5. ANSVARLEG FOR GATEGRUNNSLEIGE .....	5
6. SATSER.....	5
7. OPPFØLGING, KONTROLL OG SANKSJONAR.....	5

## INNLEIING

Dette regelverket er utarbeida med føremål om å gi tydelege føringer for når gateleige vil gjere seg gjeldande i Ålesund kommune, kvar den gjeld og kva den vil koste, slik at det er eintydig og føreseieleg for alle som skal drive med arbeid som løyser ut krav om leige. Hensikta med regelverket er legge til rette for ein balansert bruk av gategrunn til mellombelse arbeid, samstundes med at trafikkavvikling, framkome for ulike brukargrupper og omsynet til nærområdet og næringslivet er teke i vare.

## 1. BAKGRUNN OG VIRKEOMRÅDE

Ålesund kommune har som vegmynde og gjennom sin eigedoms- og disposisjonsrett til gategrunnen, utforma dette regelverket for bruk av offentleg gategrunn i tilknyting til tidsavgrensa bygge- og anleggsarbeid. Ved slike arbeider skal det betalast leige til kommunen når offentleg gategrunn vert teken i bruk, jamfør sak 23/96, vedteke av Ålesund kommunestyre den 16. november 2023.

### I kva område og utstrekning gjeld reglane

Offentleg gategrunn er i dette dokumentet samsvarande med areal som kommunen eig eller disponera til offentleg kommunalt vegformål. Dette omfattar veg, fortau, parkeringsareal, plass m.m., som driftast og vert halde ved like av offentleg vegmynde, jf. Veglova § 1.

Regelverket gjeld for offentleg kommunal veg og gategrunn i heile Ålesund kommune.

### I kva område og utstrekning gjeld reglane ikkje

Offentleg parkeringsareal som ikkje står i direkte kontakt med offentleg veg, altså parkeringsareal for fleire køyretøy med ein eigen definert avkjøring til offentleg veg, er ikkje underlagt gateleige, og må avklarast særskilt.

Areal som parkar, leikeplassar, naturområde og liknande er heller ikkje underlagt gateleige, og må avklarast særskilt. Det same gjeld områder tilrettelagt for torghandel.

Der det går føre seg graving eller anna arbeid i tilknyting til leidningar, inkludert naudsynt omrømingsareal, vert det ikkje kravd gateleige, jf. § 32 i veglova med forskift.

Regelverket gjeld ikkje for private vegar og fortau, eller anna privat areal ope for allmenn ferdsel.

## 2. FORMÅL

Ordnингa med leige av gategrunnen, med tilhøyrande regelverk, skal medverke til:

- at fortettingsstrategien i kommunen, med den bygge- og anleggsverksemda som høyrer til, skal få gode rammer for den praktiske gjennomføringa i gaterommet
- ein brukarvenleg utleigeordning av gategrunnen som legg til rette for at midlertidige bygge- og anleggsarbeid kan gjennomførast på ein smidige måte
- at alle grupper trafikantar skal kunne ferdast forbi bygge- og anleggsområdet på ein regulert og trygg måte, og med minimale ulemper for så vel brukargrupper som for tiltakshavar / byggherre og entreprenør
- at tiltakshavar / byggherre og entreprenør vert oppmuntra til raskast mogleg gjennomføring av bygge- og anleggsarbeidet og med minst mogeleg arealbruk

- at tiltakshavar / byggherre og entreprenør opplever kommunen som ein samarbeidspartner med konkurransedyktige utleigevilkår
- at næringslivet i og rundt arbeidsområdet får så optimale forhold som mogleg under arbeidet

### 3. LØYVE TIL BRUK AV GATEGRUNN

Løyve til bruk av gategrunn gis gjennom godkjenning av arbeidsløyve eller graveløyve. Arbeidsløyve / graveløyve skal stadfeste tidsrom for leige og utstrekning, eventuelt gjennom ulike fasar av arbeidet.

Gateleige gjeld frå området vert teke i bruk fram til området er tilbakeført til sin opphavelege funksjon, og kommunen har motteke varsel gjennom ferdigmelding eller endring av søknad.

Arbeid som varer under ein dag vert fakturert som ein dag.

Den som søker er den som er ansvarleg for arealet under heile løyveperioda. Framleige av gategrunn er ikkje tillate. Dette er likevel ikkje til hinder for at fleire aktørar kan samarbeide innanfor det same arealet under utføring av fleire forskjellige tiltak og med ulike tiltakshavarar.

### 4. ARBEID SOM UTLØSER KRAV OM GATEGRUNNSLEIGE

Gateleige gjeld all aktivitet eller verksemd som hindrar vanleg bruk av offentleg gategrunn, med mindre dette er spesifikt unntake i dette regelverket. Punkt 4.1 og 4.2 inneholder ikkje ei uttømmande opplisting av arbeid og tiltak som kan utløse krav om gateleige.

4.1 Leige må betalast ved mellombels bygge- og anleggsarbeid som for eksempel utplassering av container, stillas, kran og liknande, samt ved lagring av nødvendig materiell og utstyr i samband med bygge- og anleggsarbeid, som opptek heile eller deler av gaterommet. Leige skal betalast for plassering av servicebilar der anna parkering ikkje er hensiktsmessig. Leige skal også betalast for anna aktivitet eller verksemd som hindrar vanleg bruk av offentleg gategrunn.

4.2 Ved bygge- og anleggsarbeid der det på grunn av det mellombelse tiltaket er naudsynt å etablere riggområder, sette opp brakker og/eller foreta avsperringar med omsyn til sikkerheita, samt anna aktivitet eller verksemd som hindrar vanleg bruk av offentleg gategrunn, skal det betalast leige til kommunen for gategrunnen som vert disponert. Dette gjeld også der parkeringsplassar vert teke i bruk til gang- og køyrebane.

4.3 Der det på gang- og sykkelveg og fortau er hensiktsmessig å bruke gangtunnellar eller stillas med undergang, større eller lik minste fri bredde på areal for mjuke trafikkantar, vert det gitt fritak for leige av gategrunn. Fritaket gjeld også for opp- og nedrigging av ei slik løysing. Fritak gjeld også for fullgod erstatningsveg / fortau, der denne er tidsavgrensa og ikkje bandlegg anna vegbane.

4.4 Dersom den disponerte gategrunnen med heimel i nye arealplanar eller andre varige vedtak ikkje lengre vil vere offentleg gategrunn, med eller utan parkering, skal det ikkje betalast leige av gategrunn frå det tidspunktet arbeidet knytt til det nye formålet fysisk vert settet i gang.

4.5 Utbetring eller rehabilitering av offentleg gategrunn, som eit eige prosjekt eller som eit ledd i eit anna byggeprosjekt, er friteke for leige av gategrunn så lenge det går føre seg aktivt vegrelatert arbeid.

## 5. ANSVARLEG FOR GATEGRUNNSLEIGE

Krav om leige vert retta til søker.

## 6. SATSER

Leiga vert kravd inn etter gjeldande prisliste. Satsane i prislista vert regulert årleg i gjennom kommunen sitt betalingsregulativ.

Kostnaden for gateleige vert berekna som ein sats pr. dag pr. m<sup>2</sup> for alt areal som vert leigd ut. Det vert ikkje skilt på pris mellom areal satt av til avgiftsparkering og anna areal.

Dersom ein eller fleire oppmerka parkeringsplassar ikkje kan nyttast som følgje av arealet som vert bandlagt, skal dette arealet regnast med i gateleiga.

For areal som er bandlagt over lengre tid vert satsen for leigekostnaden redusert. Gateleie fra dag 90 til dag 389 vert redusert med 40% og gateleie fra dag 390 blir redusert med 60%. Rabatten gjeld det spesifikke arealet som har vore bandlagt samanhengande innanfor tidsavgrensinga, og ikkje anna areal som vert nytta i samband med tiltaket.

Innkrevjing av gateleige vert gjort i samband med behandling av søknad om arbeidsløyve og graveløyve, og vidare oppfølging av pågående arbeid. Faktura vert sendt så raskt som mogleg etter at løyve er gitt, seinast innan ein månad.

## 7. OPPFØLGING, KONTROLL OG SANKSJONAR

Kommunen skal utføre kontroll med at bruk av gategrunnen er i tråd med godkjent løyve.

Om forfalle gateleige ikkje er betalt kan kommunen vise bort entreprenør / utførande frå kommunen sitt areal, og samstundes nekte videre bruk av arealet frem til gateleiga er betalt.